

## Høyring Alversundbrua

Var på møte på Alversund skule og fekk presentert planane for bruа.

Mykje godt arbeid.

Veldig flott at det er teke omsyn til «Gabben» og eigarane som bur og driv denne.

Vil gje innspel for at ein prioriterer dei estetiske verdiane når endeleg planlegging vert utfórma.

Det er viktig å tenke på trivnad for alle trafikantar - køyrade, gåande, syklande og båttrafikantar som ser bruа frå sjøen, og i tillegg bebruarane i Alversund.

Alversund er eit heilt spesielt område - der utsikta mot den indre farleia er ei naturoppleving. Difor er det viktig å ta omsyn til dette.

**1. Lys:** Når ein set opp belysning er det viktig at utforming og lysfarge ikke vert dominante og øydelegg for landskap og menneske. I dag er det mange ulike måtar å belyse område på - så dette håpar eg vert drøfta nøyne.

Lysforureining er eit problem. Lys er og sjølv sagt viktig for trygge trafikale tilhøve. Likevel kan kanskje lyssetting bidra til at dette vert noko flott og vakkert for omgjevnadene, og i tillegg til at dei sikrar trafikktilhøva.

**2. Fargesetting av bruа:** Er det løfta tankar på om bruа kan ha fargesetting som gjer den til ei spanande Kunst/ natur/ estetisk oppleving?

**3. Utkikkspost på bruа:** Er det mogeleg å lage ein plass der gåande kan stoppe opp, og sjå på den vakre utsikta frå bruа?

**4. Amalie Skram:** Er det mogeleg å plassere den vakre bysta av Amalie Skram, ein av Noreg sine mest kjende forfattarar, slik at ho faktisk ser utover Alverstraumen/sundet ved bruа?

Eg veit ikke om plassen ho no står på vert berørt av reguleringa - men ho er ikkje lett synleg der ho no står.

Dette er innspel som kanskje ikkje handler om sjølve brubygging - men som kan løfte tankane på dei viktige detaljane - tankar der bærekraft/ Biofære og trivnad kan verte fletta inn.

Eg er glad for at det i Knarvik er tenkt mykje estetikk i reguleringa med den nye rundkøyringa. Her er det og bruk naturstein - og val av lys er spanande. Ein har og teke omsyn til eksisterande plantar og natur. Her er det ein god kjensle å køyre!

Alversundbruа vert nok og flott - her er mykje godt arbeid gjort i prosessar med innbyggjarane i Alversund. Det er nok dei fleste veldig glade for.

Mvh

Mette Marei Træland